


BOKN BYGDAABLAD

NR. 2 - MARS 1996 - ÅRG. 11

UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

NYE BOKN FISKEMOTTAK A/S LEGG OM PRODUKSJONEN

Skal gå over til filetering og anna vidareforedling av laks frå medio april



Det er styreformann i Nye Bokn Fiskemottak A/S Arne Øvrebø som opplyser dette til Bokn Bygdablad. Ein del av dei tilsette er nå ved den samarbeidande bedrifta Fiskeforsyningen A/S i Mølstrevåg i Sveio. Etter kvart skal dei få opplæring i filetering.

Dei to bedriftene samarbeider nå, men intensjonen er at dei skal slå seg saman. Slaktinga av laks vil foregå i Mølstrevåg, medan filetering og etter kvart kotelettskjering og ev. anna vidareforedling vil foregå ved Nye Bokn Fiskemottak.

Slakta fisk på is vil bli frakta med bil i kar frå Mølstrevåg til Bokn for å bli filetert i maskinar her og etterpå reinskoren og pakka som filet.

Tyngden av produksjonen vil gå gjennom Norwegian Royal Salmon (NRS).

Grunnen til at bedrifta i Mølstrevåg og Bokn nå skal spesialisera seg på henholdsvis slakting og filetering er at det nyleg er investert og installert nytt utstyr for slakting i Mølstrevåg. Noko av fileteringsutstyr i Mølstrevåg skal demonterast og innstallerast i Bokn. Vidare skal det rivast reint for slakteutstyr ved bedrifta i Bokn for så å gjera om lokala. M.a. er det krav om nye golv p.g.a. strenge hygieneforskrifter.

Arne Øvrebø seier at han håpar på at fileteringa kjem i gong i midten av april i Bokn. Det er meiniga at det blir arbeid for 16 - 20 personar her,

NYE BOKN FISKEMOTTAK....

altså ein liten auke i forhold til tidlegare. Produksjonen i år med filetering er sett til ca. 1.000 tonn, og 1.500 tonn i 1997. Årsproduksjonen i 1997 vil tilsvara 215 arbeidsdagar. Arne Øvrebø fortel at dei har brukt anlegget i Mølstrevåg som avlastningsbedrift i 10 år, og synes dei er dyktige. Elles har 1995 vore det beste året i Nye Bokn Fiskemottak si historie.

Ein ser i dag at det nok er for mange små slakteri i området. På sikt vil det difor bli aktuelt å ha eit større sentralslakteri. Her peikar Bokn seg ut både geografisk og

kommunikasjonsmessig. Arne Øvrebø er likevel noko avventande til arbeid for etablering av eit større sentralslakteri her, då han til sine tider har følt at det har vore strevsamt å få gehør for denne næringa her. Ein del folk har vore skeptiske til oppdrett og den industrien som kan fylgja i kjølvatnet. Han håpar likevel folk etter kvart vil sjå at det innan denne næringa er stort potensiale. Saman med fiske er det den nest største eksportnæringa i Norge etter oljeindustrien. Medan oljenæringa vil gå nedover, vil havbruk/fiske kunna auka og overta som den største eksportnæringa.

RØYKVARSLAR REDDAR LIV

I ei pressemelding frå Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern heiter det at ca. 20% av dei som misser livet i brann kunne ha vore redda dersom dei hadde vore varsle tidleg om brannen. Berre dei to siste åra utgjer det 24 personar. At røykvarslaren fungerer er den enkelte sitt ansvar. Røykvarslarar som ikkje fungerer gir falsk tryggleik. Test røykvarslaren ein gong pr. månad. Det er det rådet direktoratet for brann- og eksplosjonsvern , Norsk Brannvern Forening og Gjensidige Forsikring i fellesskap har gitt til «Røykvarslarens dag» den 31. januar.

Ein studie av røykvarslaren si rolle som vart foretatt i 1992 viste at 20% av dei som omkom i brannar dette året mangla røykvarslar på tross av

påbodet. I tillegg er det mange av dei som er montert som ikkje virkar. Ein operativ røykvarslar kan vera forskjellen på å leva eller døy dersom ein brann bryt ut nattestid. Set eit kryss i almanakken - innfør faste vanar - og la heile familien få eit aktivt forhold til testinga. Monter gjerne ein ekstra røykvarslar, helst også på barnerommet, for å vera heilt sikker. Det er ein fordel å seriekopla røykvarslarane. Det er enkelt - og svært nyttig.

Det er lett å testa om røykvarslaren virkar - trykk på testknappen så pipelyden kjem. Bruk helst ei gardintrapp, slik at du står støtt. Eit godt alternativ er å bruka ein «testpinne». Kontakt det lokale brannvesenet for opplysningar om dette.

ØL I BUTIKKANE PÅ VESTRE BOKN

AUSTRE BOKN HANDELSLAG SØKTE IKKJE

Med 11 mot 6 røyster vedtok Bokn kommunestyre den 27. februar å gi Bokn Handelslag og Steinars Alvestad løyve til å selja øl i skatteklasse II over disk. Austre Bokn Handelslag har ikkje søkt om slikt løyve. Bokn kommune er ein av dei siste kommunane i Rogaland som innfører ølsal i butikk. Kommunestyret vedtok også mot 3 røyster å gi løyve til skjenking av øl og vin til slutta selskap til selskapslokalet i Arsvågen og til Steinars Alvestad sitt selskapslokale i sjøhuset i Alvestadkroken. Dette er berre ei fornying av skjenkeløyve som har vore litt over 1 år.

Bokn kommune, fødestaden til fråhaldsrørslas far Asbjørn Kloster, var såleis den siste kommunen i Rogaland som i desember 1994 innførte skjenkeløyve for alkohol. I 1996 gjekk ein eit steg vidare i alkoholliberaliseringa med å gi løyve til sal av øl over disk. Dei 8 representantane frå Høyre og Arbeidarpartiet røysta alle for ølsal saman med 3 av Senterpartiet sine representantar. Dei 4 andre frå Senterpartiet, innkludert ordføraren, røysta saman med dei 2 frå Kristeleg folkeparti mot ølsal. Ut frå dei signala som alt var komne, var dette resultatet omtrent som venta. Hovudargumenta gjekk i kjent alkoholdebattstil kor dei som røysta for sal brukte handelslekkasje og bevaring av næringsgrunnlaget for nærbutikkane som viktige grunnar,

medan motstandarane argumenterte med därleg signaleffekt til dei unge og auka alkoholforbruk som årsak til skade på helse og sosial naud ved auka tilgjenge.

I saka om skjenkeløyve til slutta lag kom det opp spørsmål om kva definisjon ein skal leggja til grunn for kva som er såkalla «slutta lag».

Sigurd Johnny Svendsen meinte at dersom denne definisjonen vart definert svært liberalt, ville det bety at det eigentleg vart større tilgjenge til alkohol enn det som var meininga.

Rådmannen redegjorde for departementet sin definisjon på dette, men sjølv etter dette sat det att fleire spørsmål om korleis dette skal tolkast. Det vil bli opp til kontrollutvalet å finna ut av dette.

Det er Forvalningsstyret som skal vera kontrollutval. Etter forskriftene skal kontrollutvalet ha tre kontrollar i året på sal og skjenking.

Spørsmålet om storleiken på avgifter til kommunen på sal og skjenking av alkohol vil bli tatt opp seinare.

Ved Bokn Handelslag og hos Steinars Alvestad får bygdabladet opplyst at dei sannsynlegvis vil ha ølsalet i gong om ei lita veke. Styrar Annbjørn Sunde ved Bokn Handelslag seier at han er godt nøgd med at det var såpass klart fleirtal for ølsal. Han reknar ikkje med at det blir kundar som vil foreta handelen sin på Austre Bokn Handelslag som ein protest mot ølsal, slik det har vore rykte om.

NORSKE KVINNERS SANITETSFORENING ER 100 ÅR

Den 26. februar 1996 vart norske Kvinners Sanitetsforening stifta i Kristiania. Emblemet deira som er eit trekløver står for «tru, håp og kjærleik».

Sidan 1896 har foreninga arbeidd for eit betre samfunn, og det er ikkje få kroner som gjennom desse 100 åra er samla inn m.a. til medisinsk forskning.

Mottoet for sanitetsforeninga er :

- * **I de små ting frihet**
- * **I de store ting enighet**
- * **I alle ting kjærlighet**

Ho som starta det heile var Fredrikke Qvam. Kampsakene i førstninga gjekk m.a. på fedrelandsskjærleik, kvinnesak og kamp mot sjukdomar. På landsbasis har organisasjonen i dag 150.000 medlemer som er delt på 19 kretsar. Rogaland har 70 lokalavdelingar med 27.000 medlemer.

Utanom det som er nemnt har kampen mot tuberkulose, kreftsaka, og revmatisme vore viktige saker for sanitetsforeningane. Ut i 1950-åra vart arbeidet for eldre ei merkesak, og etter kvart også arbeidet for barn og unge.

Sal av fastelavnsris har vore eit kjenneteikn ved sanitetsforeningane, og i år har dei selt meir enn elles. Berre i Rogaland vart det selt 27.000 av desse bukettane. 10 kroner av kvart selde ris er i år sett av til eit fond for medisinsk forskning om kvinner. Her i fylket skal 100-års jubileet markerast med festmiddag i Maritim Hall i Haugesund i mars kor

alle medlemene i Rogaland er inviterte. Også medlemer frå Bokn skal dit.

SNART 60 ÅR I BOKN

I Bokn vart ei lokalavdeling av sanitetsforeninga starta den 13.11. 1937. Det vil seia at her kan dei feira 60-års jubileum i november neste år. Foreninga i Bokn har 200 medlemer, og har arbeidsforeningar på Austre Bokn, Kyrkjebygd, og Hognaland krets. Desse har møte kvar 14. dag. Foreninga i Bokn har gjennom alle desse åra løyvd midlar til ulike tiltak både i og utanom kommunen. Lokalt har dei særleg støtta opp innan helse- og sosialomsorga ved diverse gåver til helsetenesta, men også til arbeid for barn og unge. Dei siste åra har dei t.d. kjøpt inn hjartestartar, senger og anna utstyr til sjukestova, medisinsk utstyr til helseavdelinga og helsesøsterenesta, utstyr og driftsmidlar til fotpleie, sykkelhjelmar til skulebarn og mykje meir.

Det er ikkje småtteri det som driftige kvinner på heilt frivillig basis har greidd å framskaffa for å fremja trivsel, helse og eit betre samfunn for alle. Inger Sønnøve Bokneberg som er formann i sanitetsforeninga i Bokn i jubileumsåret, seier at dei kvinnene som er med, meiner at sjølv nå i 1996, og kanskje meir enn før, er det viktig å driva dette arbeidet. Det synet seg at dei kan koma inn på felt der det offentlege ikkje strekk til. I tillegg har foreningsarbeidet ei sosial side som har betydning for det enkelte medlem.

ÅRSMØTE I SANITETEN

I år var årsmøtet til Bokn sanitetsforening lagt til Allrommet på Boknatun mandag den 26.februar. Dr. Gunnes hadde foredrag om emnet 'Benskjørhet'. Vidare vart det orientert om fotterapien som sanitetsforeninga er med og driv. Elles var det vanlege årsmøtesaker med val, årsmelding og rekneskapsoversikt.

Styre for 1996 er identisk med det som var i fjor. Det er:

Formann: Inger Sønnøve Bokneberg

Nestform: Reidun Grønnestad

Kasserar: Elly Borgenvik

Styremedl: Astrid Jøsang

« Ingrid Ovith

« Eli Kro

« Ellen Nedrebø

Revisor: Bertha Våge

Medlemstalet i sanitetsforeninga er 200. I 1995 har dei løyvd midlar til mange føremål, m.a. revmatismesaka, kreftsaka og psykiatri med til saman kr. 10.000. I Bokn har dei delt ut

sykkelhjelmar som ulukkesførebyggjande tiltak til 4. klassingane, nyfødde har fått utdelt bleiepakke, og dei leiger ut barnebilseter til dei yngste små for ein rimeleg penge. Til Bokn sjukestove er det løyvd midlar til minikjøken til dei nye romma, Det er også løyvd midlar til nytt EKG-apparat til legekontoret. Ny spebarnsvekt er det gitt til helsestasjonen. Det er såleis ikkje småsifra beløp det dreier seg om til saman. Men så kjem det meste lokalsamfunnet til nytte, i alle generasjonar.

Elles driv saniteten 'Torsdagstreffet' kor generasjonane samlast på Allrommet. Dei deler ut blomar til jul til eldre over 80, dei drar på tur med eldre - i år til Knudaheio og Hå gamle prestegard, og dei har adventsfest for eldre.

Sanitetsforeninga driv godt i 100-års jubileumsåret.

TURISTGUIDE FOR BOKN

Bokn Reiselivslag skal også i år gi ut in Turist Guide for Bokn.

Alle som sto i -95-guiden blir automatisk tatt med, og blir oppsett med namn på bedrift, tlf. nr. og opningstid. Dei som vil ha meir informasjon (reklame) med - må betala, max. kr. 500,-.

Frist for innlevering av tekst er 20. mars til Bokn Reiselivslag v/ Sigmund Alvestad.

Nye bedrifter/organisasjonar som vil vera med i guiden må også gi melding om det til same tid.

Sigmund Alvestad

Årsmelding for 1995

Medlemsutvikling:

	1995	1994	1993	1992	1991
Ulvungar og meisar	16	--	--	--	--
Speidarar	42	40	41	41	36
Rover/ranger/leiarar	12	9	8	6	3
Leiarar (gamle)	7	7	8	9	8
Sum medlemmar	77	56	57	55	50

Den gledelige medlemsutviklinga har først og fremst si årsak i nystart av ulvunge- og meiseflokk hausten 1995. (Nå har speidaren tilbud til born frå 8 til 100 år.) Me er og svært kry av ungdomsgruppa vår (ranger/rover) som veks år for år. Og sjølvsagt er me stolte av speidartroppa som held seg så godt.

Aktivitetar i 1995

Speidartroppa :

Det er den som står for det største programmet. Dei har hatt **24 patruljemøter**. Ute og inne - ved sjøen og på fjellet - har patruljene vore og halde patruljemøter.

Førarpatrulja som består av patruljeførarar og assistenter og troppsleiarane har kome saman 7 gonger til hygge og nytte. Det var planleggingstur til Sandbekken - Video og pizza - Bowling - 2 stk. arbeidsmøter med mat - Programmøte med leiarane - Leikar og konkurransar med boller og kakao. Kanohaik som var planlagd, vart avlyst p.g.a. kollisjon med konfirmantleir.

Ni troppsmøter vart det. Titlar på møtene har vore: Brannøvelse - Basar - Ut i naturen med temaet "trær" - Grillkveld på svaberget - Jonsokfeiring - Leirbålskveld - Sermonikveld ute for dei nye - Opptaksfest - Grautfest.

Den 4. feb. vart det halde **ope hus**. Mange frå bygda la turen innom speidarhuset denne laurdags ettermiddagen. Der vart dei servert kaffe/saft og vafler og anna godt. Ein kunnne ta del i speidarakтиветар rundt om i huset, og på loftet viste me lysbileter frå turar og leiarar.

Turar og leiarar er viktig. I 1995 hadde me helgetur til Vigdarheim - haiketur i samband med "Kretsens dag" i Skjold - og leir saman med resten av Tysvær prestegjeld på Sandbekken. Oppslutninga om leiren var ikkje så stor som om landsleiren året før, men mange av dei som var der, sa at det var den beste leiren dei hadde vore på.

17. mai var mange speidarar i sving med kiosksalg og karusell - og ryddesjau etter dag-arrangementa på skulen.

På speidargudstenestane - løftefornyelsen den 2. april og lysmassa 3. des. - stilla speidarar og leiarar omrent 100 %. Det var høgtidelege og fine arrangement som me sette stor pris på.

Ulvunge- og meise-flokk:

Me er svært stolte over den flotte ulve- og meiseflokken vår. Dette er sprell levande friskusar. Etter ein kveld saman med dei, ser ein mykje lysare på livet. Åtte møter hadde dei på hausten, pluss at dei var saman med speidarane på leirbålskveld - lysmesse og grautfest. Flokken har ein hemmeleg stad i ein skog kor mange av møtene vert haldne.

Rover- og ranger-laget:

Dei er trufaste desse ungdomane, og dei stiller alltid sterkt på troppsmøter og turar og leirar. På maurleiren (arbeidsleiren) for Sandbekken 95 gjorde dei, med Christine som maurleirsjef, ein kjempeinnsats. Ellers samlast dei sporadisk (når mange nok er heime) og har det fint saman. I juleferien hadde 10 stk. av dei ei fin vinternatt saman i naturen ein stad ved Kongshavn. Då hadde dei m.a. opptak av nye medlemmar.

Arbeid med huset:

Nå har me det snart som me vil ha det i huset. I kjellaren finn me tropps- og patruljeutstyret lagra. Der heng og seks nyinnkjøpte kanoar og ventar på våren. Første etasje med patruljeromma vart ferdig oppussa tidleg på vinteren. Det same vart loftet kor ulve- og meiseflokken held til når dei ein gong i mellom har innemøte. Og kommunalt vatn susar i røyra når me skrur på kranen på kjøkenet eller dreg i snora på do. Her må han Odd Grønnestad ærast for nedgraving av vannleidninga til ein pris som me ikkje kan finna att på utgiftskontoen.

Takk:

Takk til alle som gjer speidareventyret vårt mulig. Takk til leiarar og roverar og rangerar og speidarar og ulvunger og meisar som møter trufast opp og er med og dannar fellesskapet. Takk til foreldra for støtta som dei gir. Takk til presten for åndeleg støtte. Takk til kommunen for timeleg støtte. Takk til Bertha Våge - den trufaste kasseraren vår. Takk til bygdafolket for økonomisk støtte - og sist men viktigast - for forbøn. **Må Gud signe og løne dykk alle.**

I tru på Guds hjelp fortset me med friskt mot også i 1996 - i formeining om at speiding er godt forbåde store og små.

INNSAMLING AV DRIKKEKARTONGAR

Toraneset Renovasjonsselskap melder at innsamling av tome drikkekartongar har vore ein stor suksess sidan starten i oktober 1995. Folk i alle medlemskommunar ser ut til å ha funne ut korleis dei skal bretta kartongane, skylla han under kaldt vatn og la det renna av og plassera dei i ein åpen kartong.

Renovasjonsselskapet har plassert ut ca. 90 drikkekartongbehaldarar til barne- og ungdomsskular, barnehagar og samlestasjonar. Dei samlar inn drikkekartongar kvar 14. dag og leverar dei til Fretex på Karmøy som pressar og buntar dei. Så går dei til Norske Skog, Hurum Papirfabrikk. Etter gjenvinning vert dei nytta til konvoluttar, arkivmapper, skilleark, hengemapper, eggekartongar osv.

Bokn bygdablad har fått spørsmål om kvifor det ikkje er plassert innsamlingsstasjon for drikkekartongar ved alle butikkane. Det ville vore mest naturleg for folk om dei kunne levera dei her. Ved kontakt med Toraneset seier dei at dei nå ikkje har fleire innsamlingsbehaldarar til utplassering, men at dei synes ideen om stasjonar ved utsallsstadene for melk er god, og vil vurdera dette dersom dei får innkjøpt fleire innsamlingsstasjonar.

ÅRSMØTE I DEI POLITISKE PARTIA

Alle dei politiske partia i Bokn har nå hatt årsmøte, og her er enkle oppsummeringar frå møta:

Bokn Senterparti

hadde årsmøte den 14.november 1995.

Desse er med i det nye styret:

Leiar: Leif Vatnaland
Nestleiar: Rune Vatnaland
Sekretær: Anne Marie Medhaug
Kasserar: Daniel Thuestad
Studieleiar: Johannes Nilssen
Styremedl: Wenche L. Havikbotn
Styremedl: Inger Sønnøve Bokneberg
Styremedl: Trond Nedrebø

Gruppeleiari for Rogaland Senterparti i Fylkestinget, Svanhild Nessa orienterte om nyorganiseringa i Hjelmeland kommune.

Bokn Høyre

hadde årsmøte den 26. januar 1996.

Desse er valde til styret:

Formann: Lars Sigmund Alvestad
Nestform: Per Helge Sunde
Kasserar: Ingvar Alvestad
Styremedl: Tore Øvrebø
Styremedl: Gunn Grønnestad

Fylkessekretær i Rogaland Høyre, Harald Ellingsen, orienterte om

korleis lokalpartia kan påverka partiet sentralt.

Måndag 19.2.-96 vart det halde årsmøte i **Bokn -Arbeidarparti**.

Årsmøtet valde dette nye styret:

Leiar: Svein Ivar Langhelle
Nestleiar: Elisabeth Gundersen
Sekretær: Laila Nemeth
Kasserar: Marit Markhus
Styremedlem: Harry Bokneberg

Gjest på årsmøtet var leiaren i Rogaland Arbeidarparti Oddbjørg Starrfelt. Ho innleidde til drøfting om emnet:

«Reformarbeidet i skulen.»

Bokn Kristeleg Folkeparti

hadde årsmøte den 22.02.96.

Desse er med i det nye styret:

Leiar: Sverre Øvrebø
Nestleiar: Sigurd Johnny Svendsen
Kasserar: Gunvor Øvrebø
Sekretær: Ingrid Blikshavn
Styremedl: Harry Vågshaug

Stortingsmann Einar Steensnæs orienterte om Rattsø-utvalet si innstilling m.m.

Godhet

Litt godhet fra menneske til menneske er bedre enn all kjærighet til menneskeheten.
Richard Dehmel

OPNINGSTIDER:



TIRSDAG : Kl.10.00 - 13.30
ONSDAG : Kl.16.00 - 19.00
TORSDAG : Kl.10.00 - 13.30

UTSTILLING

Vevstova har utstilling
i gangen utanfor biblioteket



Norske kvinners sanitetsforening
er 100 år. Jubileumsbøkene
kan du låna på biblioteket.



GJER EIT BOKKUPP PÅ BIBLIOTEKET

Biblioteket har nå salg av bøker, kun kr. 10 pr. stk.

LESETIPS FOR MARS

VAKSNE

Cornwell, Patricia:
Grav for en ukjent

Cussler, Clive:
Sahara 2 b.

Eggen, Torgrim:
Hilal

Karlsen, Britt:
Koffardikapteinen

BARN/UNGDOM

Deberitz, Jan:
Watanyas flukt

King-Smith, Dick:
Heldiggrisen Babe

Nielsen, Mary L.:
Frøydis frilledatter

Vestly, Anne-Cath:
Kostemarsj på Tirilltoppen

Solrunn er med varer fra
Hobbybrakke torsdag .mars

PRESSEMELDING FRÅ DIREKTORATET FOR BRANN OG EKSPLOSJONSVERN:

OPEN ELD - BRANNÅRSAK NR. 1

I ein av fire brannar er det stadfesta at open eld var brannårsaka. Dei fleste av desse brannane oppstod ved eldstader og piper eller som følgje av røyking.

I perioden 1993-1994 omkom 47 personar i brannar forårsaka av open eld. 28 av desse døydde i brannar med årsak i røyking.

HOVUDÅRSAKER TIL BRANN I BYGNING

Open eld var den vanlegaste årsak til brann i bygning i perioden 1993-1994. I ein av fire brannar er det påvist at open eld var brannårsaka. Dei fleste av desse brannane oppstod ved eldstader og piper eller som følgje av røyking.

I 23 prosent av brannane er det oppgjeve at feil ved elektrisk utstyr var årsaka. Serielysboge er den utløysande faktor som oftast opptrer i brannar av denne typen.

Feil bruk av elektrisk utstyr var årsak til 16 prosent av brannane. Halvparten av desse skuldast tørrkoking/overoppheting av komfyr/kokeplate, og ein av tre skuldast tildekking av varmeomn, lampe eller komfyr/kokeplate.

PÅSETTE BRANNAR

14 prosent av alle bygningsbrannar i 1994 var påsette; – 12 prosent av bustadbrannar og 16 prosent av næringsbrannar. I industrien var talet 2,5 prosent, medan ca 20 prosent av alle brannar i varehandel og i restaurant-/kafenæring var påsette. Av 15 rapporterte kyrkjebrannar i perioden 1993 - 1994, er det konstatert at 8 var påsette.

OMKOMNE

120 personar omkom i 108 brannar i perioden 1993-1994. Nærare 40 prosent omkom i brannar der open eld var brannårsaka: 23 prosent som følgje av røyking og 16 prosent på grunn av bruk av annan open eld.

19 prosent omkom i brannar som skuldast feil bruk av elektrisk utstyr, slik som tørrkoking, tildekking eller liknande. 11 prosent omkom i brannar som var påsette.

ELEKTRISKE APPARAT

Komfyr/kokeplate er det elektriske utstyret som oftast var kjelde til brann i perioden 1993- 1994. Nesten 10 prosent av bygningsbrannane skuldast feil ved, eller feil bruk av, komfyr/kokeplate. 90 prosent av desse igjen var bustadbrannar.

TI PÅ TOPP

ELEKTRISK UTSTYR SOM OFTAST VAR ÅRSAK TIL BRANN I BUSTAD I PERIODEN 1993 – 1994

ELEKTRISK UTSTYR	TALET PÅ BRANNAR	PROSENT
1 Komfyrar, kokeplater	193	31
2 Vaskemaskiner, oppvaskmaskiner	65	10
3 Radio, TV-apparat	65	10
4 Tørketromlar, tørkeskap	44	7
5 Leidningar, kablar	31	5
6 Panelomnar, gjennomstrøymingsomnar	31	5
7 Lamper	26	4
8 Kjøleskap, fryseboksar	20	3
9 Stråleomnar, reflektoromnar	17	3
10 Stikkontaktar	13	2

Brannårsaksstatistikken vert utarbeidd av Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern på bakgrunn av data om enkeltbrannar rapportert frå politi- og lensmannsetaten.

Fleire opplysningar om brannstatistikk kan ein få ved å vende seg til Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern ved overing. Anne Myrestøl.

BOKN KOMMUNESTYRE SER POSITIVT PÅ T-FORBINDELSEN

Bokn kommunestyre vedtok den 27.februar ein positiv uttale til planane om den såkalla T-forbindelsen som skal gi Karmøy betre tilknyting til Riksveg 1. Vegen er planlagt å gå frå Hydro-området til Fosen og vidare påkopling til Rv. 1 ved Mjåsund bru. Det er vidare planlagt ein tilkytingsveg mot Raglamyr frå Fosen.

Vegen vil gi betydeleg kortare kjøreavstand frå Bokn til Karmøy. Elles vil vegen sikra betre regio nalt samband aust-vest. Kommunen ynskjer ikkje å belasta trafikantane ytterlegare med bompengar, men meiner det må finnast løysingar innan dei rammene på bompengar ein har i dag. Vedtaket vart gjort mot 1 røyst.

Munnen

Når munnen snubler, er det verre enn om foten gjør det.

Vestafrikansk ordtak

På forskudd

Jeg tar alltid gledene på forskudd, ellers blir det aldri noe av dem.

Aksel Sandemose

NY BYGDAABLADNEMND

Bokn kommunestyre valde den 27.02. ny bygdabladnemnd.
Medlemene er:

Arvid K. Jøsang

Eli Kro

Reidun Grønnestd

Det vart vidare vedtatt å gjera ei endring i vedtekten. Formuleringa i punkt 1 MÅLSETTING vart endra frå «**Bokn Bygdablad er eit partipolitisk nøytralt bygdablad for Bokn kommune**» til «**Bokn Bygdablad er eit politisk nøytralt bygdablad for Bokn kommune**».

IVARETAKING AV BARN OG UNGES INTERESSER I PLANBEHANDLING

Jardar Havikbotn vart i kommunestyret den 27.02 vald som den tenestemannen i Bokn kommune som skal ivareta barn og unges interesser i kommunen sine planbehandlingar.

Varamann: Ingjerd Thuestad

Oppmuntring

Å hvite hvordan man oppmuntrer, er kunsten ved å lære fra seg.

Henri-Frédéric Amiel

ÅRSMØTE BOKN NÆRINGSFORUM

Det innkalles herved til årsmøte i Bokn Næringsforum:


**TID: TIRSDAG 13 MARS KL 19.00
STED: SJØHUSET TIL STEINAR**

PROGRAM	1. Velkommen ved styrets formann
	2. Betydningen av det regionale samarbeidet gjennom Haugaland Næringsutvikling (HNU) v/ dag.leder Torleif Østrem Olsen
	3. Servering.
	4 - 7 Vanlige årsmøtesaker
	8. Eventuelt
	- Orienteering skole-næringsliv

Under møtet vil det bli servering og vi ønsker derfor påmelding som skjer til formannen - Sigmund Alvestad eller til næringskonsulenten Stein Alendal. Vedlegg årsmelding og budsjett. Regnskap vil bli utdelt på møtet.

Vi håper de fleste har tid til å møte.

Bokn, 27.02.96

Med hilsen
BOKN NÆRINGSFORUM

Sigmund Alvestad
Formann

MARKNADSFØRING AV BOKN I NY BROSJYRE

Bokn Næringsforum i samarbeid med Bokn kommune har gitt ut ein ny brosjyre for marknadsføring av kommunen. Brosjyren legg m.a. vekt på desse fortrinna i Bokn kommune:

- * Trygt og godt oppvekstmiljø
- * Variert og vakker natur med ei rekke idyllar
- * Kort avstand til både Stavanger og Haugesund
- * Kort veg til gode servicetilbod
- * Ledige næringstomter ved Rv.1. Rimelege, ledige bustadtomter, både med og utan nausttomt
- * Fleire fond og støttetiltak for dei som ynskjer å etablera næringsverksemd,

stor eller lita

Brosjyren gir vidare ei meir utfyllande omtale av Bokn kommune sine fortrinn når det gjeld levekår, sentral plassering i fylket, næringsareale og tomter, lokal historikk som også går på fiskerinæring og jordbruk m.v. Fine bilete og kart er med og gir brosjyren meir komplett og interessant. Saman med Svein Ivar Langhelle sin tekst framstår brosjyren som ein god presentasjon av Bokn kommune både med tanke på næringsetablering og som bukommune.

VEDTEKTER FOR KYRKJEGARDEN

Det vart vedteke nye vedtekter for kyrkjegarden i Bokn 12. juni 1987. Desse vart stadfesta av Stavanger Stiftsdireksjon 25. september same år. Diverre er dei ikkje trykt, eller kopiert opp og utsent. Det er ikkje meinings å ta dei inn her, men då det er sume ting som har vore uklart, tek me med noko.

Alle som bur i bygda har rett til fri grav. Dette gjeld også dødfødde. Attlevande ektefelle kan feste grav på sida av sin make. Fredningstida for grav er 30 år. Ei grav kan festast for nye 30 år. At me ikkje har funne det praktisk å innföra noko festeavgift endrar ikkje på dette. Etter 60 år er ei grav fri og kan eventuelt berre festast etter godkjenning av soknerådet. Men me har god plass, og det er ikkje aktuellt med det fyrste å nytta gamle graver opp att utan etter sterke ynskje fra etterkomrar. Det er jo også mange fine gamle gravminne.

Det er då slik at dei fyrste 30 åra kan ei grav ikkje opnast og verta brukt på ny. I dei neste 30 åra berre nyttast dersom dei etterlatte ynskjer det, og det er teknisk råd.

Kyrkjetenaren administrerer kyrkjegarden. Gravminne må ikkje setjast opp utan at han er med. Gravminne må ikkje vera høgare enn 100 cm., og ikkje breiare enn 75 cm. for enkelt grav og 100 cm. for dobbel. Oppsetjing av gravminne skal ikkje gjerast før 6 mnd. etter gravleggjing.

Sigvart Våga

BOKN BYGDEUTVIKLING SEMINAR

Prosjektet Bokn Bygdeutvikling har 1 mars pågått i et år. Tidsrommet frem til august ble brukt til å tilrettelegge for aktiviteter og høsten har vært nyttet til å sette i gang konkrete aktiviteter.

Det er ønskelig å samle alle gruppene og krefter utenfra for å utveksle ideer, erfaringer og bygge nettverk for å kunne løfte prosjektet og aktivitetene.

Prosjektstyret innkaller derfor til stormøte:

TID: TORSDAG 21 mars kl 10.00 - 16.00

STED: Selskapslokalene på Arsvågen (2 ndr. etasje)

Program

09.45 - 10.00 Kaffe

10.00 - 10.10 Velkommen til Bokn. v/ Ordfører Sigrunn Hole Hosaas

10.10 - 10.30 Presentasjon av Bokn Bygdeutvikling v/ Stein Alendal, prosjektleder
Hva oppnådd - videre arbeidet.

10.30 - 10.50 Utsynprosessen v/ Anders E. Hauge
Nettverksoppbygging på Haugalandet - prosesser.

10.50 - 11.10 Pause

11.10 - 11.40 Gards- og bygdeturisme v/ Reidar Bjordal, Ølen
Praktiske eksempler - ideer.

11.40 - 12.00 Økonomi i småskala virksomhet v/ Jarle Pedersen, Tveit Regnskap
Praktiske råd og veiledning

12.00 - 13.00 Matservering

13.00 - 13.30 Utmarksorganisering. v/ Ole Haneberg
Organisasjonsmodeller - eksempler.

13.30 - 14.00 Bygdeutviklingsenteret ved NLH. v/ Torgeir Gillemo
Presentasjon. Hva kan vi forvente - hva kan vi bistå med.

14.00 - 14.20 Pause

14.20 - 14.50 Bygdeutvikling i Rogaland v/ Audun Rake, .Fra Fylkesmannen landbruksavd.
Finansiering - annen støtte - hva ønsker en å prioritere.

14.50 - 15.30 Avslutning v/ Sigmund Alvestad. Formann prosjektstyret
Diskusjon - spørsmål

Da vi vil ha en enkel servering ber vi om påmelding. Påmelding kan skje til Bokn kommune
52 74 85 00.

Oppsettet er foreløpig og det tas forbehold om endringer.

Bokn, 12.02.96
S. Alendal

NB! Møtet er åpent for alle interesserte, men husk påmelding

BLIR DU MED I «MÅLBANDET» OG SYNG MED OSS?

Det blir lite rock og rytme, men heller fleire av dei gamle songane våre som t.d. Mellom bakkar og berg, Gamle rendi, Den fyrste song o.l. Møt opp på Allrommet laurdag den 9. mars kl. 16.00 - 17.00 til uhøgtideleg songtime både for born, ungdom, vaksne, foreldre og besteforeldre.

Venevil er forsongar og spelar ev. piano til.

Arr: **Bokn mållag**

BOKN MÅLLAG

har hatt årsmøte . Desse er i styret:
Venevil Birkelund - leiar
Eivind Øvrebø - kasserar
Reidar Alvestad - skrivar
Marit Markhus - styremedlem
Kyrre Lindanger - styremedlem
Arne Hosaas - revisor
Mållaget vil i 1996 prøva å få i gang eit dialektprosjekt for å undersøkja endringar i boknadialekten som fylgje av nye kommunikasjonar.

NYTT ELDRERÅD

Kommunetyret valde i møte den 27.02 nytt eldreråd. Desse er med:

Målfrid Kro Trosnavåg
Henry M. Alvestad
Reidun Grønnestad
Sigurd Johnny Svendsen
Liv Vatnaland

Varamedlemer:
Bertha Våge
Kjell Kro
Anna Grønnestad
Jarle Larsen
Liv Birknes

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00
fax 52 74 86 90
Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto 3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Ingunn Våge, Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 400,-
Halv side: kr. 150,-
 $\frac{1}{4}$ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 5.-10.03: Møter Bokn B.-hus
kl.19.30 Arr: I. sjøm.misj.
07.03: **Hobbybrakka** er på
Torsdagstreffet
09.03: Bli med og «Syng med oss» i
«Målbandet» på Allrommet
kl. 16-17. Sjå anna omtale.
12.03: «**Borddekking til
konfirmasj. og fest**» kl.19.30
i Allrommet. Arr: Hagelaget.
12.-17.03: Møter på M/S
«Fredsbudet» ved
Foresvik kai kl. 19.30
20.03: BINGO. Arr: Bokn Idrettslag
24.03: Bokn Bedehus årsmøte 19.30



- 03.03: Gudsteneste kl. 19.00
v/ Arne Aurdal. Offer til
Arbeid mot vold. Mark. av
Sanitetens 100 års jubileum.
Kyrkjekaffi på bedehuset.
17.03: Gudsteneste kl. 11.00 v/ Arne
Aurdal. Offer til Sokner.
kassen. Speidarane deltar.
31.03: Gudsteneste kl. 19.00 v/
Arne Aurdal. Offer til BRØD
FOR VERDA

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Miljøvernleiaren i Bokn har
kontortid måndagar, tysdagar og
halv dag på onsdagar

Ordføraren er å treffa på Boknatun
torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9 -11.30.
Elles etter avtale.
Marie Løvoll Faye
helsesøster

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i
tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

BOKN FYSIOTERAPI

*Geir Austvik
tlf.52 74 85 00*

*Åpningstider:
onsdag og annankvar laurdag
Ta gjerne direkte kontakt*

Hjarteleg takk til alle som hugsa meg
på 80 års dagen min.
Helsing Ingrid Våge